Aukra kommune

# TT-kort (drosjekort) - søknad

| Om søkjaren |
| --- |
| **Personopplysningar** |
| Fødselsnummer |
| Etternamn |
| Førenamn |
| Adresse |
| Postnr/stad |
| Er du godkjend TT-brukar i ei anna kommune?<br>☐ Ja<br>☐ Nei |
| Namn på kommunen der du er TT-brukar |
| **Kven søkjer du for?** |
| Kven søkjer du for?<br>☐ Meg sjølv<br>☐ Nokon andre |
| Kvifor søkjer du for ein annan person?<br>☐ Eg er føresett<br>☐ Eg er verge<br>☐ Anna |
| Opplys kva: |
| Du må leggje ved dokumentasjon for vergemålet. Dokumentasjonen kan du laste opp under fanen "vedlegg". |
| Hugs å leggje ved dokumentasjon. Dokumentasjonen kan du laste opp under fana "vedlegg". |
| Legg inn informasjon om personen du søkjer for: |
| Fødselsnummer |

Etternamn

Førenamn

Adresse

Postnr/stad

## Om funksjonsnedsettinga

### Om funksjonsnedsettinga

Kryss av for type funksjonsnedsetting

☐ Rørslehemming
☐ Psykososial funksjonsnedsetting
☐ Høyrselhemming
☐ Utviklingshemming
☐ Synshemming
☐ Anna

Opplys kva

Brukar du?

☐ Rullestol
☐ Rullator
☐ Krykkjer/stokk
☐ Ikkje støtte

Er di funksjonsnedsetting varig

☐ Ja
☐ Nei

For å bli godkjent som brukar av TT-ordninga, må di funksjonsnedsetting vare i minst to år.

Kor lenge vil di funksjonsnedsetting vare (i månadar)?

Kor langt kan du gå utan pause (i meter)?

Har du fleire opplysningar?

## Dagens situasjon

### Dagens situasjon

Bur du på omsorgssenteret eller anna buform med heildøgns omsorg?

☐ Ja ☐ Nei

Får du grunnstønad til transport frå NAV?

☐ Ja ☐ Nei

| Har du bil innkjøpt med stønad frå NAV? | |
|---|---|
| ☐ Ja | ☐ Nei |

| Reiser du kollektivt? | |
|---|---|
| ☐ Ja | ☐ Ja, men berre delsvis/i periodar |
| ☐ Nei | ☐ Berre med følgjeperson |

| Eg reiser i dag slik | |
|---|---|
| ☐ Eg køyrer eigen bil | ☐ Eg vert køyrd av andre |
| ☐ Drosje | ☐ Spesialdrosje (bil tilpassa rullestol) |
| ☐ Buss | |

| Har du fleire opplysningar? |
|---|
| |

## Informasjon til deg som søkjer om TT-kort i Møre og Romsdal

### Generelt

TT-ordninga er eit ikkje lovfesta tilbod om drosjetransport til innbyggjarar i Møre og Romsdal. Tilbodet er for personar som ikkje kan bruke kollektivtransport, fordi dei er varig forflyttingshemma grunna fysisk eller psykisk nedsett funksjonsevne. Ordninga er regulert gjennom Retningslinjer for transportordninga for menneske med nedsett funksjonsevne Møre og Romsdal, vedteke av fylkestinget i sak T 0046-23, den 19. juni 2023.

Ordninga er meint som eit tilskot til fritidsreiser og andre reiser, som ikkje vert dekt av statlege eller kommunale ordningar.

TT-ordninga dekkjer ikkje:

- Reiser til og frå lege, sjukehus eller anna behandlingstilbod som vert dekt av Pasientreiser
- Reiser som vert betalt av NAV
- Andre reiser betalt av det offentlege
- Eigenandel til reiser med TT-kort

### Kva kan du få?

Med TT-kortet får du eit tilskot som du kan bruke til transport i valfri drosje. Du får tilsendt eit kort som du bruker for å betale drosjeturen. Korta vert automatisk fylt på med eit tilskot to gonger per år – den 1. januar og den 1. juli. Vedtak om TT-kort vert gjeve for to år frå vedtaksdato. For brukarar som har større funksjonsnedsetjing vert det innvilga TT-kort for fem år frå vedtaksdato.

Det er avsett avgrensa midlar til TT-ordninga og du kan ikkje søkje om ekstra midlar.

### Eigenandel

Alle brukarar må betale ein eigenandel for kvar tur. Du kan ikkje betale med TT-kortet. Storleiken på eigenandelen vert fastsett av Fylkestinget.

### Krav til deg som søkjer

Vilkår for å bli godkjent som TT-brukar:

1. Søkjaren må ha ei funksjonsnedsetjing som må vere varig eller vare lenger enn 2 år
2. Søkjaren må vere folkeregistrert i Møre og Romsdal
3. Søkjaren må, på bakgrunn av funksjonsnedsetjinga, vere ute av stand til å bruke offentleg transportmiddel
4. Funksjonsnedsetjing etter punkt 3 er til dømes personar med livslang forflyttingshemming (orienteringsvanskar, rørslevanskar-/flyttingsvanskar og skjulte funksjonsvanskar), rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte etter WHO sin definisjon på blind/sterkt svaksynt
5. Nedre aldersgrense for brukargodkjenning til TT-ordninga er 10 år

Søkjarar som unntaksvis kan bli godkjende som TT-brukarar:

1. Søkjar i heildøgns omsorg/institusjon, som elles fyllar vilkåra for godkjenning som TT-brukar. Søkjar kan bli godkjent på individuelt grunnlag om hen kan dokumentere eit behov for reisestønad til fritidsreiser, etter vilkåra i punkt 2.1 i retningslinjene.
2. Søkjar som har eigen bil frå NAV, grunnstønad til transport, bilstønad etter folketrygdlova eller privat bil. Søkjar kan bli godkjent på individuelt grunnlag om hen dokumenterer eit behov for reisestønad utover det å ha eigen bil, grunnstønad eller bilstønad etter vilkåra i punkt 2.1 i punkt 2.1 i retningslinjene.

---

## Samtykke

### Samtykke

Eg samtykker i at Aukra kommune innhentar, lagrar og behandlar opplysningar om meg som er nødvendige for å behandle søknaden min. Opplysningane vert registrert elektronisk i Aukra kommune sitt saks- og arkivsystem. Samtykket gjeld også behandling av turdata som vert registrert ved bruk av tenesta.

☐ Ja ☐ Nei

Eg samtykker i at Aukra kommune får fullmakt til å innhente opplysningar ut over det som kjem fram av legeerklæringa, dersom det er nødvendig for å behandle søknaden.

☐ Ja ☐ Nei

### Stadfesting

Eg stadfestar at eg har lese og forstått "Informasjon til deg som søkjer om TT-kort i Møre og Romsdal"

☐ Ja ☐ Nei

### Signatur

Dato

Underskrift søkjar/føresett/verge

## Vedlegg

**For å kunne behandle din søknad må vi ha ei legeerklæring som dokumentasjon for di funksjonsnedsetting.**

**I dokumentasjonen må det kome fram:**

- **kvifor du ikkje kan reise kollektivt**
- **om funksjonsnedsettinga er varig eller kor lenge ho vil vare**

**Du kan laste opp skanna dokument eller ta eit bilete av dokumentasjonen og laste det opp.**

| Legeerklæring |
| --- |
| Vedlegg legges ved søknaden |